

FYLKESRÅDMANNEN

adresseliste

Sakshandsamar: Sissel Bakke
Direkte tlf.: 37017498

Deres ref.:
Vår ref.: 2007/1242-
18837/2007

Vår dato: 12.09.2007
Arkivnr: 123/K40

FYLKESDELPLAN (AR) FOR VILLREINFJELLET DRØFTINGSMØTE 7 SEPTEMBER 2007

Dato 7 september 2007
Stad Rica Dyreparken hotell, Kristiansand
Klokka 10 – 15

Tilstades Bjørn Kasper Horgen, MD
Øyvind Aarvig, MD
Eli Viten, Rogaland FK
Tom Sørum, Rogaland FK
Anders Braa, Fylkesmannen i Rogaland, miljø
Björg Hellem, Vest Agder FK
Kjell Abildsnes, Vest Agder FK
Ørnulf Haraldstad, Fylkesmannen i Vest Agder, miljø
Arne Hjulstad, Fylkesmannen i Vest Agder, landbruk
Ola Olsbu, Aust Agder FK
Sissel Bakke, Aust Agder FK
Kjellaug Øverås, Fylkesmannen i Aust Agder, landbruk
Helge Lyngstad, Fylkesmannen i Aust Agder, miljø
Øystein Vatnar, Fylkesmannen i Telemark, landbruk
Gudrun Mathiesen, Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn Oppmoding frå miljøverndepartementet i brev dagsett 12 april 2007 for korleis følgje opp nasjonale mål sett til ivaretaking av leveområde for villrein og bygdeutvikling.

"Det er en overordnet målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområde for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnyttning og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre. Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det er et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal skje gjennom regionale planer."

NOTAT FRÅ DRØFTINGANE

1. INNLEIINGAR

"MD innleiar kring tema og fortel om oppmodinga i brev dagsett 12 april 2007 og om kvifor me er samla".
Bjørn Casper Horgen.
Innlegget ligg med som vedlegg.

MD oppmodar fylkeskommunane til å lage fylkesdelplanar for prioriterte villrein fjell. Planarbeidet skal ha fokus på bruk, vern og utvikling. Brevet gjeld som føringar for planarbeidet. Kommunane er sentrale i planarbeidet for å trygge forankring, kompetanse og utvikling. Pr i dag er det forskrifta om forvaltning av hjortevilt og bever som definerer kva som er eit villreinområde. Avgrensingane er ikkje basert på naturfagleg kunnskap om kva som er villreinstammen sitt totale leveområde. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR) og Setesdal Austhei (SA) har fått status som nasjonale villreinområde. Bakgrunnen for dette er at SVR og SA heng saman funksjonelt som eit leveområde og det er trong for å sjå desse to villreinområda i samanheng både når det gjeld bestandsforvaltning og arealforvaltning. SVR og SA skal saman med Hardangervidda og Nordfjella, verta ein europeisk villreinregion som viser innvandringshistoria til villreinen.

Bakgrunnen for oppmodinga er Stortingsmelding nr 21 (2004 – 2005) "Regjeringens miljøtilstand og regjeringens miljøvernpolitikk." Her høyrer og Stortingsmelding nr 21 (2005 – 2006) Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken og Stortingsmelding nr 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner heime. Desse fokuserer på bygdeutvikling, vern og kulturminner som ressursar for verdiskaping og fjellpolitikk.

Det er sett av kr 250.000 til fylkesdelplanarbeid i desse fjellområda; Hardangervidda, Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane, Setesdal Austhei og Rondane Sølnekletten. 80.000 av desse er tenkt brukt til utgreiingsarbeid. Det vert gitt tilbakemelding til MD om at dette er særst lite midlar i høve til dei ambisiøse måla sett til planarbeidet. Føremålet med fylkesdelplanane er å leggje til rette for ei heilskapleg og langsiktig arealforvaltning som inneber eit "bruk-vern" perspektiv på villrein fjellet. I tillegg skal dei avklare mulighetane for næringsutvikling og medverke til "mer forutsigelighet for næringsutvikling". Det er ynskjer om omfattande hyttebygging i områda kring heiane. Eit salsargument for å kome i gong med ein overordna og regional planprosess er skjerpå krav til konsekvensanalyser når det gjeld reguleringsplanlegging og konsekvensar for villrein.

"Heiane som ressurs for regional og lokal utvikling? Kvar er utfordringane og kvar er mulighetane sett frå fylkeskommunen som regional utviklingsaktør?".
Tom Sørum, Rogaland FK.
Innlegget ligg med som vedlegg

"Erfaringar med gjeldande fylkesdelplan. Forvetningar og utfordringar knytt til ny plan."
Björg Hellem, Vest Agder FK.
Innlegget ligg med som vedlegg

2. STATUS

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR)

Det er ein fylkesdelplan for heieområdet frå våren 2000. Grunna uklare grenser vart det gjennomført ein ny prosess og endeleg fylkesdelplan vart vedtatt våren 2005.

Fylkesdelplanen er retningsgjevande og ikkje juridisk bindande for arealbruken i kommunane. Fylkesdelplanområdet dekkjer dei sentrale delane av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane med eit indre planområde som er landskapsvernområdet som vert forvalta etter naturvernlova av kommunane og eit ytre planområde som vert forvalta etter plan- og bygningslova av kommunane. Planområdet omfattar ikkje område for aktivitetar som hytter, turistanlegg, adkomst, parkering, alpinanlegg osv.

Våren 2000 vart delar av fylkesdelplanområdet, det såkalla indre planområdet, verna. Hovuddelen vart verna som landskapsvernområde etter naturvernlova.

Landskapsvernområdet er med i eit forsøk med lokal forvaltning. Forsøket er organisert som eit interkommunalt samarbeid kor samarbeidet omfattar utarbeiding og oppfølging av forvaltningsplan for landskapsvernområdet, forvaltningsplan for fisk og koordinering/samordning mellom kommunane om lokal forvaltning kor målet er ein heilskapleg forvaltning med lik praksis i dei åtte kommunane som er med i forsøket. Forsøket skal evaluerast i 2008. Mest sannsynleg vert lokal forvaltning av landskapsvernområdet permanent men med eventuelle justeringar av organisering og forvaltning. Initiativa og tiltaka som vert sett i gong frå forsøket vert meir og meir næringsretta. I desse dagar søker forsøket om økonomiske midlar til gjennomføring av eit tre årig prosjekt for å legge til rette for natur- og kulturbasert næringsutvikling i og kring verneområdet.

Setesdal Austhei (SA)

Området er ikkje omfatta av nokon fylkesdelplan. For ei god tid tilbake tok fylkesmannen i Aust Agder initiativ til å starte arbeidet med å lage ein forvaltningsplan for området. Det var ikkje politisk vilje til å gjere dette i kommunane. I fylkesplanen for Aust Agder 2004 – 2010 er eit av tiltak under utviklingsstrategien "Det gode sted"; "Aust Agder tar initiativ til et samarbeid med Telemark om å igangsette arbeid med en forvaltningsplan for Setesdal Austhei." Dette er aldri gjort.

2. SPØRSMÅL OG DRØFTINGAR

Treng ein ein ny fylkesdelplan for Setesdal vesthei Ryfylkeheiane?

Det vert stilt spørsmål med om det er trong for ein ny plan og om ikkje gjeldande plan er god nok? Det vert uttalt at ein på regionalt nivå held seg til fylkesdelplanen når det gjeld handtering av enkeltsaker.

Spørsmål og signal som kan tyde på at fylkesdelplanen er moden for revisjon; -

? Oppfyller fylkesdelplanen måla som ligg til grunn for oppmodinga frå MD?

? Omfattar fylkesdelplanen leveområde til villreinen? Det vert uttalt at plangrensene er sett politisk. I oppmodinga frå MD seier ein at avgrensingar og innhald skal basere seg på oppdatert naturfagleg kunnskap om arealbruken til villreinen. Føremålet med planprosessen er å sikre forankring og aksept for ei varig grense til leveområde for villreinen. Det skal avklarast kva som kan skje innanføre og utanføre denne grensa i høve til aktivitet som fremjar bygdeutvikling samstundes som ein ivaretek leveområde.

? Signal frå kommunane og gjeldande plan fokuserer i liten grad på potensialet for bygdeutvikling. Jamfør drøftingane i forsøket med lokal forvaltning om randsoneplanlegging og søknad; "Røynslene med fylkesdelplanen er at han for tida fungerer som motsegngrunnlag i enkeltsaker men at kommunane i liten grad har funne han tenleg i planlegginga si. Grunnen kan vere at han er for lite differensiert og næringsaspektet knytt til utmark som mange av kommunane er opptatt av."

? Gjeldande plan omfattar ikkje influensområde, jamfør eit omfattande byggepress rett oppunder plangrensa opp mot intensjonen i oppmodingsbrevet frå MD; "Planene skal fastsette en langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområde." Det er allereie bygd mykje ikring fylkesdelplanområdet. Endringar i klima (snøen forsvinn??) og endringar i hyttemarknaden gjer at det er eit aukande behov for/krav til tilrettelegging for friluftsliv i randområda.

? Samordning fylkesdelplan og verneplan/forvaltningsplan? Ein revisjon inneber ikkje meir vern av "indre planområde" men kanskje meir "bruk – vern" som ressurs for verdiskaping. Noko som vil vere i samsvar med måla om å bruke vern som ressurs for verdiskaping, jamfør Soria Moria erklæringa og rapport til MD "Handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområde", og forvaltningsforsøket sitt auka fokus på næringsutvikling gjennom bruk og vern.

Planavgrensing?

Det er sett nasjonale føringar i brevet frå MD på kva som bør leggjast til grunn for å fastsetje planavgrensinga. Planavgrensinga må og sjåast i samanheng med føremålet med planarbeidet.

Planarbeidet skal ha ein heilskapleg tilnærming kor ein ser villreinen i samanheng med andre brukarinteresser i heieområda med eit fokus på villrein fjellet og ikkje på villreinen isolert. Planen skal sikre ein heilskapleg forvaltning av villrein fjellet. Planen skal sikre heieområda som eit varig leveområde for villreinen og motverke ein bit for bit nedbygging av leveområde. Planen skal medverke til bygdeutvikling kor ein avklarar korleis ein bruke villrein, villrein fjellet/landskapet og natur- og kulturessursane til verdiskaping utan å vere i konflikt med målet om å sikre leveområde til villreinen. Planen skal kartfeste ei klar grense for dei nasjonale villreinområda kor ein skal unngå ny utbygging.

Planavgrensinga skal basere seg på oppdatert naturfagleg kunnskap om leveområde til villreinen. Det må og takast med nok areal utanom leveområda (influensområde) til å gjere ein samla vektning av brukarinteresser som kan påverke villreinen. Her kjem og utviklingsperspektivet inn kor planarbeidet skal vurdere potensialet for verdiskaping. I denne samanhengen meiner nokre at ein bør ta med begge heieområda og bygdene for å få eit ekstra fokus på bygdeutvikling og tettstadutvikling som ei av drivkreftene i bygdeutvikling. Dette er truleg inga dum ide i høve til å få til ein god finansiering av planarbeidet kor ein må tenkje kreativt for å få til ein god finansieringsplan/spleiselag med fleire grunna at midlane som MD har sett av til arbeidet ikkje rekk langt. Det er KRD som forvaltar midlane til distrikts- og regionalutvikling. Spørsmålet er om ein får politisk aksept for ei slik omfattande planavgrensing? Vest Agder og Hordaland fylkeskommune seier dei ikkje ynskjer at planområdet omfattar byggjeområde.

Avgrensinga skal og take omsyn til eit mål om å unngå oppsplitting av leveområde og å oppretthalde/betre vandring og utveksling av dyr. Det siste gjer at ein stiller spørsmålet om det skal lagast ein eller to fylkesdelplanar, jamfør at SVR og SA er definert som eit felles funksjonelt leveområde. Frå vilreinfagleg hald er det sterke oppmodingar om å sjå begge områda i samanheng i ein plan for å få ein arealbruk og retningslinjer som tryggar desse to heieområda som eit funksjonelt leveområde.

Avgrensing og villreinområde

Fylkesdelplanområdet bør gå heilt nord til E134 over Haukeli. Dette er nordgrensa for både SVR og SA villreinområde. Odda kommune og Vinje kommune er omfatta av fylkesdelplan for Hardangervidda. Hordaland fylkeskommune er involvert i fylkesdeplanarbeidet for Hardangervidda. Fylkeskommunen har ikkje kapasitet og ressursar til å involvere seg like sterkt i to omfattande planprosessar. Frå villreinfagleg hald meiner ein alle kommunane i villreinområda SVR og SA må vere med i fylkesdelplanen for SVR og SA. For SA blir det tre kommunar i tillegg til dei som allereie er med i fylkesdelplanen for Setesdal Vesthei

Ryfylkeheiane. Desse er Tokke, Fyresdal og Åmli. I tillegg kjem Odda og Vinje som ikkje er omfatta av gjeldande fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Delar av Odda kommune, Røldal, er med i SR villreinområde. Dette gjeld arealet aust for riksveg 13, Røldalsvatn og opp til E134. Sjølv om det er ein viss utveksling av dyr nord-sør over Haukelivegen, vil det vere heilt urimeleg å leggje Røldalsarealet til Hardangervidda. Både når det gjeld bestandsforvaltning og arealforvaltning har dette alltid vore ein del av SVR og må halde fram med å vere det. I aust grensar Røldal sitt areal sør for Haukelivegen og aust for Røldalsvatn, til Vinje kommune som og må vere med i fylkesdelplanen. Vinje kommune har areal heilt nord både i SVR og SA.

Hordaland fylkeskommune ynskjer status som observatør og formelt er fylkeskommunen og Odda og Vinje kommunar uansett med i planarbeidet grunna areal i fylkesdelplanområdet som gir retningslinjer til kommuneplanane. Etne – Skaulen området er ikkje definert som eit nasjonalt villreinområde og er difor ikkje med som eit prioritert område for regionale planprosessar for å sikre varige leveområde for villreinen.

Planproses - organisering

Målet om ei varig grense for leveområde til villreinen og bygdeutvikling krev eit stort fokus på metode og prosess for å trygge ein brei lokal medverknad, involvering, eigarskap og forankring. Det gjer at ein stiller spørsmål om det vert for stort og omfattande å ta med begge heieområda i ein fylkesdelplan. Planarbeidet bør starte med å oppdaterte kunnskapsgrunnlaget (Jf GPS prosjektet) og dette kan gjerast som eit felles arbeid. Villreinsenteret på Skinnarbu skal serve og vere ein ressurs i høve til kunnskap om leveområde og villrein. "Villreinklienten". Så kan ein eventuelt lage to prosessar under same organiseringsmodell/styringsmodell for å legge til rette for ein brei lokal medverknad og forankring (grunna mellom anna ulik planhistorie).

Det er mogleg å lage ein fylkesdelplan med å gjennomføre ulike prosessar. Rogaland signaliserer at dei ynskjer å delta i ein fylkesdelplan og at dei ser det som like viktig for Rogaland at heieområda vert oppretthalde som eit funksjonelt leveområde med trekk. Planprosessen med fokus på dialog og samordning er viktig og det er viktig at planarbeidet startar med ein omforeint organisering slik at ingen kjenner seg gløymt.

Modell - forslag til organisering av planarbeidet.

	Styringsgruppe ?	
	Prosjektleder	
Fag	?	Austheia
	?	Vestheia
	?	XX
Vern ?	Fylkesdelplan ?	Bruk

3.6 VEGEN VIDARE

Det skal arrangerast "oppstartsmøte" før 1 januar 2008. Fylkeskommunane samarbeider om arrangementet. Det vert sett ned ei arbeidsgruppa som har som mandat å planleggje og arrangere oppstartsmøtet. Desse er; Heidi Jønholt, Telemark FK, Bjørg Hellem Vest Agder FK, Eli Viten Rogaland FK og Sissel Bakke Aust Agder FK. MD rådar oss til å invitere tre representantar frå alle kommunane (ordførar, opposisjonsleiar, rådmann). MD seier dei skal skal vere med på oppstartsmøtet og dei skal etablere eit plannettverk for dei ulike fylkesdelplanområda.

Nokre av spørsmåla som må avklarast og følgjast opp før oppstartsmøtet; -

- Politisk forankring om igongsetting
- Planprogram

Med helsing

Sissel Bakke
Skrivar

VEDLEGG